

Krav til kandidatar

Heidersteiknet kan tildelast person som har vore medlem i Eikanger IL i minst 10 – ti – år, og som har utført framragande administrativt arbeid og/eller har framheva seg særleg i ei eller fleire sportsgreiner.

Med administrativt arbeid meiner ein fleire års virke i tillitsverv utført på ein slik måte at det har vore ei tydeleg medverkande årsak til å styrkja nivået i laget. Vidare bør kandidaten ha vist særleg interesse og innsats for vekst og trivsel i laget. Medlemer som har hatt tillitsverv i dei organisasjonane som laget er tilslutta, og som har vist stor interesse og dugleik i dette arbeidet, kan også innstillast til heidersteiknet.

Sportslege bragder som kvalifiserer er deltaking på representasjonslag (krinslag, landslag), deltaking med gode resultat i noregsmeisterskap og tilsvarande nivå.

Medlemer som vert innstilte til heidersteiknet, må ha vist innsatsen sin for laget og dei sportslege føremål laget fremjar, på ein verdig og representativ måte.

Styret avgjer

Heidersteiknkomiteen innstiller kandidat(ar) til styret som avgjer kven som skal få utmerkinga. Styret sitt vedtak må gjerast med 2/3 fleirtal.

Heidersteiknet kan berre tildelast ein medlem kvart år. Men dersom det går fleire år utan utdeling, kan utmerkinga tildelast fleire samstundes.